

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Bålbrenning visse dagar i året.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

- SVAR
1. Me kallar bål brent jonsok for vite, ein.
 2. Vite brukt um bål jonsok, eller syftesok, elles lite eller ikkje. Elles brukte me ordet bål.
 3. Vite må vera eit større bål.
 4. Noko bål i jolehelgi var ikkje kjent heima.
 5. Ordet "jolelog" ukjent i mi heimbygd.
 6. Bål vart ikkje brent i påskehelgi.
 7. Fell burt.
 8. Me brende vite jonsokafta. Var veret surt den kvelden, kunde dei brenna syftesok, men det var sjeldan. Bål olsok var ukjent i min oppvokster.
 9. Stølveld er og ukjent i mi heimbygd.
 10. Like so dette.
 11. Fell då burt.
 12. Noko viss tid tenna viten var der ikkje; dei venta til det skumdest noko so viten skulde lysa godt. Jamnast vart den tend fyre midnott.
 13. Viten brann til den var utbrend. Noko nytt brennefang vart ikkje lagt til; berre byrta i varmen.
 14. Staden me brende var högste toppen på öyi, me kalla den Vit-ås. Då dei seinare planta nærre der, flutte dei viten ein annan stad på ein fjell-knatt.
 15. Brende dei vite syftesok, var det log på Vit-ås.
 16. Öyi var liti, alle samla um dette eine bålet. På andre öyar og bygder, kan det nok vera kvar gard brende for seg.
 17. Bål i kveer ukjent hjå oss. ("Bu-eld")
 18. Kven som vilde kune koma til viten, mest var det born og ungdom, dei fleste gamle høt seg heima.
 19. Fritt for alla å vera med.
 20. Born og ungdom var og er mest ihuga samla elding til viten, men framleides kjem mange og ser på, um veret er fint.
 21. Noko ungdomslag som styrde med viten var der ikkje, og so vidt eg kjenner til går det på same måten framleides.
 22. Heima var korten sagbruk eller fabrekkar.
 23. Dei la vyrket upp i ein stor haug, som ei såta, gjerne med ein staur eller liknade i midten. Under var nokre steinar eller helst berg. Ikkje sers steinleggjing.
 24. Det hende dei hadde tjöretunna eller ein gamal båt, men sjeldan. Mest vart avfall frå lauvskog nytta.
 25. Figurar som vart brende var ukjent hjå oss.
 26. Det hende nok dei kjøpte eller fekk ein gamal båt, eller ei tom tjöre-tunna, men sjeldan heima.
 27. Alle, serleg dei unge, var med drog saman, sers utlegg av pengar var der ikkje.
 28. Dei fekk lov taka avfall frå björkeskogen som vart hoggen.

29. Noko namn på um dei samla pengar, har eg ikkje høyrt.
30. Tradisjon var at alle skulde hjelpa til samla elding, um det enn mest fall på dei unge.
31. Me brende berre jonsokbål. Hende det at der var syftesokbål, kunde dette veramindre. Men same skap var der på dei.
32. Dei lika har stor vite.
33. Bålet skulde lysa og flamma godt. Dei såg etter andre vitar og rosa dei store.
34. Det var ikkje stor stas med bål som rauk mykje.
35. Sjölv sagt spruta det gneistar utan at der vart gjort sers for det, anna byrta burti so alt brann upp.
36. At eld og røyk skulde driva burt noko høyrd e aldri snakk um.
37. At det skulde vera godt for kröteri, eller mot trollskap. var og ukjent heima.
38. Kasta dei brandar etter kvarandre, var det berre for moro.
39. Aldri snakk um at dei tok varsel av viten.
40. Etter meste bålet var brent byrja ungdomen leika, t.d. slå på ringen, siste par ut o.l. Sers namn på dette veit eg ikkje.
41. Sers fest for gamle var der ikkje snakk um, det kunde vera dei kunde hyggja seg med litt ekstra, men sjeldan.
42. Når dei hadde leika ei stund, gjekk kvar til seg, nottevoka heldt dei ikkje.
43. Sterk drykk heilt ukjent ved viten heima. Dei siste åri koka dei kaffi, kopp og mat hadde kvar med seg.
44. Leiken var på ein hövande plass, ikkje kring viten. Helst på ei flåt like ved.
45. Noko hopping yver bålet ikkje brukt, utan av kåte ungar som kunde springa gjenom rester av viten.
46. Ungane kunde nok springa gjenom røyken, igen eldre.
47. At dei göymé kol frå viten veit eg ikkje av heima.
48. Sers skikkar og truer ved viten veit eg heller ikkje um.
- ~~49.~~ Noko sers oppgåva for viten veit eg ikkje um, det var gamal skikk og det var gildt koma saman um kvelden, i godt ver, prata, telja vitar dei såg o.l.
50. Skikken har helde seg frå gamalt, var berre ute av bruk i krigsåri. Kanhenda den har minka noko. I byane tek folk gjerne tur på fjorde, brenner bål på sjöen o.l.
51. Um vitebrenning har miika, kan det koma av hardt arbeid so dei ikkje tykkjer dei harkrefter til slikt. Men elles held skikken seg meir enn mykje.